



Vår saksbehandlar:
Njål Gunnar Slettebø

Direkte telefonnr.:
53 42 30 90

Vår dato:
25.04.2003
Dykkar dato:

Vår referanse:
02/06252-15/69
Dykkar referanse:

Landbruksdepartementet
Postboks 8007 Dep.
0030 OSLO

Landbruksdepartementet	
Saksnr.: 2003 100670	Doknr.: - 44
Mottatt: 28 APR 2003	
Saksbeh.: MH/MAT/RIG	Ark.: 008
Kont:	Avekr.:

FORENKLA MODELL FOR FINANSIERING AV MATFORVALTNINGA. HØYRINGSFRÅSEGN.

Me viser til høyringsnotat frå Landbruksdepartementet av 25.03.03 om forenkla modell for finansiering av matforvaltninga.

Mattilsynet vil i høve til St. prp. nr.1 Tillegg nr. 8(2002-2003) ha fylgjande oppgåver:

- ”- tilsyn med matproduksjon langs hele kjeden både på sjø og land hvor hensynet til helsemessig trygghet, kvalitet og redelig frambud settes i fokus
- tilsyn med import og eksport av planter, fôr, levande dyr og matvarer
- tilsyn med plantehelse, dyrehelse, herunder tilsyn, kontroll og beredskap overfor sykdommer hos planter og dyr inklusive sjøpattedyr og andre akvatiske organismer
- tilsyn med innsatsfaktorer i landbasert og vannbasert matproduksjon
- drikkevannsforvaltning
- tilsyn med kosmetiske produkter
- dyrevern og dyrevelferd
- internasjonalt arbeid, herunder aktiv deltakelse i internasjonale fora hvor det fastsettes regelverk og faglige rammer for matproduksjon og handel
- sivilt beredskap
- tilsyn med dyrehelsepersonell
- bistand til kommunene innenfor området miljørettet helsevern
- aktiv kommunikasjon og informasjon til allmennheten”

Departementet meiner at 90% av verksemda til matforvaltninga kan finansierast med gebyr/avgifter. Dei har laga ein modell med 20 ordningar for innkrevjing av gebyr og avgift.

Merknader til finansieringsmodellen:

Me har forståing for at brukarane både skal og må betala for deler av desse tenestene. Likevel meiner Bømlo kommune at høyringsforslaget inneheld ei noko romsleg vurdering når det vert sagt at anslagsvis 90 % vil kunne finansierast med gebyr og avgifter. Etter å ha gjennomgått høyringsforslaget er vår vurdering at maksimum 70 % bør finansierast gjennom gebyr og avgifter og at staten må finansiere resten. For Bømlo kommune vil ein stor del av brukarane av mattilsynet sine tenester vera oppdretts – og anna sjøbasert matnæring. Dette er ei konkurranseutsett næring som ikkje utan vidare toler stadig aukande gebyr og avgifter.

Etter vår vurdering vil det vera uheldig at det skal krevjast gebyr/ avifter for kommunikasjon og samfunnskontakt, kompetanseutvikling, internasjonale forhandlingar og møter, for å nemne nokre av høyringsutkastet sine prioriterte områder.

Konklusjon:

Bømlo meiner heilt klart at brukarane må akseptere eit visst nivå på avgifter og gebyrer for mattilsynet sine tenester. Men å leggje seg på eit 90 % nivå er etter vår vurdering urimeleg, og meiner at +/- 70 % er eit meir akseptabelt nivå. Uansett nivå må det vera eit ufråvikeleg krav at Noreg ikkje legg seg på eit høgare avgifts – eller gebyrnivå enn dei landa me konkurrerer med eller som EU / EØS legg som ramme.

BØMLO KOMMUNE



**Sverre Olav Svarstad
Rådmann**